



## **Prosjektplan**

# **Ny infrastruktur og ny felles organisering for frukt- og bærneringa i Sogn og Fjordane**

**Akutte fellestiltak for å sikre marknadstilpassa sorterings- og pakkeritenester, kompetanseutvikling og produktutvikling for ei meir robust frukt- og bærnering i Sogn og Fjordane**


| <b><u>Innhald</u></b>                      | <b><u>side</u></b> |
|--|--------------------|
| Stort behov for endring                    | 2                  |
| Modning og forankring                      | 6                  |
| Dokumentert vekst, men manglar kapasitet   | 7                  |
| Auka kapasitet produkt, merkevare og miljø | 9                  |
| Plan felles infrastruktur                  | 11                 |
| Kostnader og finansieringsplan             | 13                 |

# 1 Stort behov for endring

Sogn og Fjordane har gjennom systematisk utviklingsarbeid og ei rekkje satsingar dei siste 10-15 åra utvikla seg til å bli største region i landet innanfor frukt- og bærproduksjon. For fleire delproduksjonar er også fylket størst i landet:

- Lærdal (Lærdal Grønt) er størst i landet for morelle
- Stryn (Innvik fruktlager) er størst i landet for bringebær saman med Vik
- Leikanger/Sogndal (Sognefrukt) er størst både for plome og pære

Totalt omfattar næringa no mellom 200 – 300 aktive produsentar / gardsbruk i Sogn og Fjordane. Produksjonane på kvar gard kan variere frå store til mindre bruk, og føregår ofte i kombinasjon med andre landbruksproduksjonar. Kjenneteiknet for frukt- og bærproduksjonane er at det har vore store satsingar over heile fylket dei seinaste 10-15 åra, og det er ein produksjon som både har stor og jamn vekst i etterspurnaden og det har vore brukbar økonomi so langt. Den økonomiske verknaden og busetnadsverknaden for store deler av fylket er soleis svært viktig i kommunane i indre og midtre deler av fylket.




Kjelder: Landbruksdirektoratet og Produsenttjenesten Økern

Fig. 1.1: Etter stor og systematisk satsing gjennom 15 år er SFj største frukt- og bærregion i Norge.

For dei tre største pakkeria er rekneskapstala slik for 2017:

| <b>Pakkeri</b>       | <b>Omsetning</b> | <b>Resultat</b> |
|----------------------|------------------|-----------------|
| Innvik Fruktlager SA | kr 43,6 mill     | kr 0,5 mill     |
| Lærdal Grønt SA      | kr 76,5 mill     | kr 1,3 mill     |
| Sognefrukt SA        | kr 34,0 mill     | kr. 0,9 mill    |

Utviklinga hjå Lærdal Grønt har vist stort vekst, utfrå ei heilt ny produksjon av moreller utvikla dei siste 20 åra og god vekst i bær og dei andre grøntproduksjonane. Utviklinga sidan etableringa av Lærdal Grønt gjennom lokal samanslåing i 1999 er vist i figuren nedanfor.



Figur 1.2: Eksempel på utvikling i Lærdal Grønt etter lokal samanslåing og produktutvikling.

Suksessen til næringa, slik den har vist seg i Sogn og Fjordane, og den jamt aukande etterspurnaden etter frukt og grønt i marknaden, har gitt inspirasjon til nye storstila satsing på det sentrale Austlandet. Mindre kornbruk i bynære strøk legg no om til frukt, bær og grønt. Og bruk med store og lett drivne areal aukar produksjonen.

Sjølv om næringa i Sogn og Fjordane har hatt suksess dei siste 10-15-åra set denne utviklingas no nytt press på næringa for vidare og rask omstilling og meir samarbeid. Eit nytt stort løft må no til for å sikre vidare utvikling og for å kunne utnytte potensialet i marknaden for dei mange og små gardsbruka i Sogn og Fjordane.

Den store utbygginga på sentrale Austlandet vil kunne gjer store endringar i produksjonsområda i Norge og i balansen mellom regionane. Det kan også føre til overproduksjon dersom ikkje utviklinga blir tilstrekkeleg samordna og styrd.

Større produksjonseiningar nær dei store byane og aukande krav frå marknaden set krav til svært fleksible pakkeri med svært effektive sorterings- og pakkeløysingar. Her er dagens pakkeri i Sogn og Fjordane for små og for lite tilpassa aukande krav i marknaden (frå daglegvarekjedene) om svært raske og fleksible omstillingar mellom ulike typar emballasje, pakningar og mellom dei ulike produksjonane. Pakkeria må td. kunne pakke og levere plome, eple og pære samtidig. Dette går ikkje i dag.

Forbruk av frukt, bær og grønt er framleis i stor vekst, og alle trendar tyder på at dette kjem til å fortsetje. Men veksten blir også i stor grad dekkja av import. Ein viktig strategi for å kunne kople denne veksten til norsk landbruksproduksjon må vere å vidareutvikle produksjonen rundt sterke pakkeri. Her har pakkeria på Vestlandet særlege føresetnader, og med eit skikkeleg løft i infrastruktur og organisering vil dette vere den beste strategien for å kople auka marknad for frukt, bær og grønt i Norge til auka verdiskaping i landbruket, og særleg til dei beste og tradisjonsrike områda for frukt- og bær dyrking på Vestlandet.

Vestlandet har utfra mange og små bruk alltid vore organisering gjennom felles pakkeri. På Austlandet er det i mykje større grad einskilde (store) gardsbruk som pakkar og leverer sjølv. I Telemark er det eit felles pakkeri som er nokso likt pakkeria på Vestlandet, men dette er unntaket. Pr april 2019 er pakkeria organisering slik i Sogn og Fjordane:

- Lærdal Grønt SA med 43 produsentar hovudsakleg i Lærdal, men og i Årdal og Vik. (Aurland frå 2020.) Morelle, bringebær, jordbær, potet og grønsaker
- Sognefrukt SA med 114 produsentar i Leikanger, Sogndal, Balestrand, Vik, Luster, Aurland og Lærdal. Eple, pære og plome
- Innvik Fruktlager SA med 75 produsentar i Stryn, Eid, Gloppen og Norddalen. Eple, plome og bringebær

Samarbeidet har gjennom lang tid føregått over kommunegrensene, og til dømes produsentane i Sognefrukt og Lærdal Grønt fordeler seg slik over 8 kommunane i Sogn:

|            |                |
|------------|----------------|
| Balestrand | 8 produsentar  |
| Vik        | 11 produsentar |
| Leikanger  | 40 produsentar |
| Sogndal    | 40 produsentar |
| Luster     | 6 produsentar  |
| Årdal      | 1 produsent    |
| Aurland    | 3 produsentar  |
| Lærdal     | 43 produsentar |

I tillegg er Sogn Jord og Hagebrukskule i Aurland no i dialog for eit samarbeid med ei fellessatsing.

Pakkeristrukturen på Vestlandet har altså utvikla seg utfra behova hjå dei små gardsbruka for samarbeid om produksjonsutstyr og sal. Dei har vore og er ein nødvendig felles infrastruktur.

Pakkeria har også utvikla seg til å vera ein heilt nødvendig miljøbygger og har fungert som både kompetanseutviklar, samordnar for felles satsingar, nyplantingar, produktutvikling og felles profilering og sal til dei store grossistane og kjedene.

Pakkeria er såleis den heilt naudsynte felles organiseringa og pådrivaren i landbruksmiljøet. Denne tradisjonen gjev miljøa på Vestlandet eit fordel. Den lokale organiseringa er allereide på plass, og kulturen og forståinga for å samarbeida er på plass. Samarbeid, samordning og samanslåing av pakkeria vil derfor kunne få rask effekt. Det vil vera det nødvendige, og det svært effektive og godt tilpassa svaret på å møte behova for å fylle ein auka etterspurnad i marknaden og behovet for meir effektive, profesjonelle og dynamiske fellesstrukturar.

Ei fornya og forsterka satsing på felles infrastruktur og felles organisering av frukt- og bærneringa i Sogn og Fjordane har derfor følgjande hovedmål og delmål:

Hovedmål:

- Sikre produsentøkonomien & kostnadskontroll for over 200 gardsbruk i SFj

Hovedmålet skal realiserast gjennom følgjande konkrete delmål:

- Etablere effektiv og fleksibel felles infrastruktur
- Utvikle robuste felles pakkeriorganisasjonar
- Auke kapasitet til produktutvikling
- Auke kapasitet til synlegheit, kundekontakt og balansering av makt i verdikjeda
- Sikre kompetansebygging på tvers av kulturar
- Sikre ny rekruttering til næringa gjennom kostnadseffektiv og framtidretta organisering
- Redusere matsvinn gjennom samarbeid og ny produktutvikling for utsortert vare

## 2 Modning og forankring av samarbeid gjennom fleire år

Behovet for auka samarbeid og mulege samanslåingar av fellesfunksjonar har vakse fram gjennom fleire år. Dei eksisterande pakkeria har fått stadig tydelegare behov for investeringar, og krav til utviklingstiltak og marknadstilpassing set stadig større krav til organisasjonane.

Ei rekkje møte og to prosjekt har vore gjennomført dei siste åra der tettare samarbeid og etterkvart samanslåing har vorte tema:

- 2015-16: Prosjekt om felles mottaksstruktur fryseri bær
- 24.10.16: Felles styremøte Luster Grønt og Lærdal Grønt
- 02.12.16: Besøk frå styret i Innvik Fruktlager til Lærdal Grønt
- 19.10.17: Felles styremøte Sognefrukt og Lærdal Grønt
  
- 02.05.18: Stormøte for styra/adm i Innvik Fruktlager, Lærdal Grønt og Sognefrukt, Skei
- 19.10.18: Løyvd støtte frå Fylkesmannen i SFj til utgreiing av samarbeid/samanslåing mellom Innvik Fruktlager, Lærdal Grønt og Sognefrukt
- 06.11.18: Styringsgruppemøte fellesprosjekt, Sogndal
  
- Nov 2018: Studietur til Hardanger, Ryfylke, Telemark og Lier der alle har utvikla store fellespakkeri
- 15.01.19: Stormøte styra/adm i Sognefrukt, Innvik Fruktlager & Lærdal Grønt, Skei
- 14.02.19: Styringsgruppemøte fellesprosjekt, Skei
  
- 26.03.19: Studietur til det største fruktpakkeriet i Danmark & møte med Gartnerhallen
- 11.04.19: Søknad til Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 20.04.19: Møte med Sogn Jord- og Hagebruksskule
- 23.05.19: Møte med styreleiar og direktør Gartnerhallen
- 29.05.19: Presentasjon årsmøtet Luster Grønt
- 04.06.19: Løyving av 15 mill kr frå Sogn og Fjordane fylkeskommune
  
- Juni -19: Tilråding frå arbeidsgruppa i fellesprosjekt

Planane er såleis grundig og godt gjennomarbeidde, og behova er godt dokumenterte.

Samstundes er det sett i gang arbeid på nasjonalt plan gjennom Gartnerhallen (den nasjonale produsentorganisasjonen der alle produsentane er medlemmar) og delvis Bama (grossisten der medlemmar av Gartnerhallen har leveringsavtale for levering til Norgesgruppen og Rema).

Signal frå nasjonalt nivå er at pakkeria er for små og ineffektive, og at dei må utvikle større einingar som kan bli meir effektive og fleksible for å møte auka etterspurnad etter frukt, bær og grønt i marknaden. Aukande produksjon krev større og meir effektive og fleksible felles pakkeri.

Dei regionale prosessane er no heilt i tråd med nasjonale signal, og Sogn og Fjordane vil dermed også kunne bli den første til å tilpassa fellesfunksjonane til det auka potensialet innan frukt, bær og grønt. Sogn og Fjordane kan komme i førarsetet for neste steg i marknads- og produktutviklinga innan frukt, bær og grønt.

### 3 Dokumentert vekst i produksjon, manglande kapasitet pakkeri

Fylkesprosjekt, som starta hausten 2018, har involvert dei tre pakkeria Innvik Fruktlager, Lærdal Grønt og Sognefrukt. Prosjektet har vore samansett slik:

|                 |  |
|-----------------|--|
| Prosjekteigar:  | Lærdal Grønt   |
| Prosjektleder:  | Harald Blaaflat Mundal, Lærdal Grønt   |
| Arbeidsgruppe:  | daglege leiarar i Lærdal Grønt, Sognefrukt og Innvik Fruktlager  |
| Styringsgruppe: | to representantar frå kvart av styra ved dei tre pakkeria, fylkesgartnar Jon Anders Stavang frå Fylkesmannen si landbruksavdeling og Stein Harald Hjeltnes, Njøs Næringsutvikling. |

Prosjektet har dokumentert og drøfta utfordringar og behov og føreslege mulege løysingar. Følgjande viser planlagd utvikling for kvar av dagens pakkeri fram til 2025.

#### Sognefrukt:

|                    | 2018 | 2019 | 2020 | 2025 | Vekst 18-20 | Vekst 18-25 |
|--------------------|------|------|------|------|-------------|-------------|
| Eple               | 750  | 775  | 825  | 950  | 10 %        | 27 %        |
| Plomer             | 240  | 260  | 270  | 280  | 13 %        | 17 %        |
| Pære               | 100  | 120  | 140  | 200  | 40 %        | 100 %       |
| Bringebær konsum   | 40   | 40   | 40   | 40   | 0 %         | 0 %         |
| Bringebær industri | 12   | 12   | 12   | 12   | 0 %         | 0 %         |

Tabell 3.1: Prognose for vekst i produksjon hjå Sognefrukt til 2025 (i tonn)

#### Innvik:

|                    | 2018 | 2019 | 2020 | 2025 | Vekst 18-20 | Vekst 18-25 |
|--------------------|------|------|------|------|-------------|-------------|
| Eple               | 240  | 220  | 250  | 360  | 4 %         | 50 %        |
| Plomer             | 210  | 220  | 245  | 300  | 17 %        | 43 %        |
| Pære               | 2    | 2    | 2    | 2    | 0 %         | 0 %         |
| Bringebær konsum   | 190  | 200  | 200  | 200  | 5 %         | 5 %         |
| Bringebær industri | 150  | 260  | 260  | 260  | 73 %        | 73 %        |

Tabell 3.2: Prognose for vekst i produksjon hjå Innvik Fruktlager til 2025 (i tonn)

#### Lærdal Grønt:

|                    | 2018 | 2019 | 2020 | 2025 | Vekst 18-20 | Vekst 18-25 |
|--------------------|------|------|------|------|-------------|-------------|
| Moreller           | 215  | 250  | 275  | 300  | 28 %        | 40 %        |
| Bringebær konsum   | 33   | 130  | 130  | 130  | 294 %       | 294 %       |
| Bringebær industri | 57   | 120  | 120  | 120  | 111 %       | 111 %       |
| Jordbær            | 10   | 15   | 20   | 100  | 100 %       | 900 %       |
| Poteter            | 1750 | 1750 | 1750 | 1750 | 0 %         | 0 %         |
| Gulrot             | 900  | 900  | 900  | 900  | 0 %         | 0 %         |
| Blomkål            | 110  | 110  | 110  | 110  | 0 %         | 0 %         |
| Sommarkål          | 50   | 50   | 50   | 50   | 0 %         | 0 %         |
| Kålrot             | 75   | 75   | 75   | 75   | 0 %         | 0 %         |


Tabell 3.3: Prognose for vekst i produksjon hjå Lærdal Grønt til 2025 (i tonn)

Alle miljøa har altså konkrete planar om vesentleg vekst. Denne veksten kjem delvis av frukttrre som allereide er planta eller i bestilling.

Denne veksten i produksjon har so vore samanlikna med kapasiteten ved pakkeria. Den viser at pakkeria treng vesentlege investeringar for å kunne handtere veksten framover, og spesielt det å kunne få ut ferdig pakka varer i takt med dagsaktuelle behov hjå matvarekjedene og i marknaden. For å oppnå best muleg pris til produsentane, og for å unngå opphoping av varer, må pakkeria få ut varene so raskt som muleg etter hausting og so tidleg som muleg i sesongen.

Prosjektet har gjennomført ei vurdering av pakkekapsitet for kvart pakkeri og for kvar produksjon. For alle produksjonen når dagens pakkeri taket og må utvide. Figuren nedanfor viser samla kapasitet på dagens pakkeri sett i høve auke i produksjon på gardane. Den viser også at samla kapasitet ikkje er stor nok i viktige deler av sesongen.

### Produksjon 2018-25 i høve til pakkerikapasitet



Figur 3.1: Figuren viser produksjon i dag og framover (blå, grøne og raude stolpar i diagrammet) i høve til tilgjengeleg kapasitet (fiolett linje). Horisontal akse er produksjonsveker (veke 1 begynner midt i juli med moreller). Vertikal akse er samla produksjon pr veke i tonn for alle pakkeria.

Dokumentasjonen viser klart at alle pakkeria treng vesentlege investeringar for å møte auka produksjon.



## 4 Behov for auka kapasitet til felles produktutvikling, merkevarebygging og utvikling av fellesmiljø i næringa

I tillegg til det auka behovet for pakkeritenester og særleg for effektive og fleksible pakkeri som kan levere i tråd med raskt skiftande marknadsbehov, er det eit parallelt behov for ei rekkje utviklingsaktivitetar. Desse utviklingsaktivitetane er fundamentale både for å sikre dagens produksjon og for å muleggjere vidare vekst. Det er særleg identifisert behov for auka kapasitet for å kunne møte 5 hovedbehov med vesentleg større kraft:

Produktutvikling og betre utnytting av konkurransefortrinn

- Nytte vårt fremste fortrinn: beste smak på norske frukt og bær
- Nytte nærheit til kundane, særleg Bergen og Vestlandet
- Utvikle differensierte produkt for å hente ut meirpris

Betre utnytting av digitalisering

- Effektiv nytting av ny digital teknologi som optisk sortering er ein føresetnad for kostnadseffektiv sortering og pakking
- Digitalisering av kommunikasjon og dokumentasjon med produsentane er ein føresetnad for effektiv levering og kvalitetssikring av produksjonen på gardane
- Digitalisering i heile verdikjeda fram til butikk er også avgjerande for god produksjonsstyring i høve marknadsbehov

Utvikling av pakkeria som verksemd

- Arbeidsdeling og kompetanseutvikling internt
- Rekruttering
- Kvalitetsstyring
- Kapasitet til å forsvare regionen sin posisjon i marknaden og i verdikjeda

Utvikling av produsentmiljøa

- Støtte opp om kunnskapsutvikling og rådgjeving
- Støtte opp om auka produksjon
- Sikre lokale miljø innanfor større samarbeidseiningar
- Hente inspirasjon og kunnskap frå andre

Meir nytting av utsorterte varer

- Sjølve ein liten prosent utsorterte varer pga storleik, sprekker, etc, gjev svært mange tonn varer som kan brukast til andre og nye produkt
- Samarbeider med lokale verksemdar som td. Lerum og Balholm for å nytte utsorterte varer.
- Ev. utvikle eigne bearbeidde produkt

Med ein felles pakkeriinfrastruktur og ein samordna organisasjon vil desse behova kunne handterast med vesentleg større kraft enn i dag. Ein større organisasjon med betre arbeidsdeling vil få vesentleg betre kapasitet til å arbeider med utviklingstiltak. Dette vil dermed kunne bidra til å auka marknadstilgangen for varene frå regionen, betre inntening for gardsbruka, mindre matsvinn og ein organisasjon med mindre risiko i drift og kvalitetsikring. Det er såleis er nær samanheng mellom ny og betre infrastruktur, felles organisasjonsutvikling og direkte økonomisk resultat for landbruket i regionen.

Ein viktig mulegheit med ei lokalisering ved vegkrysst E16/Rv5 i Håbakken er potensialet for å profilere lokale og regionale produkt direkte til viktige kundegrupper. Håbakken er det største trafikksystemet på Indre Vestland, og det er også ein gjennomfartsåre heile året for store kundegrupper i Bergensområdet.

Planen er å etablere eit profilerings- og informasjonscenter knytt til pakkeriet der målet er å profilere og tilby produkt av høg kvalitet frå heile regionen. Målet er at alle samarbeidspartnere skal kunne selje meir av sine produkt og til ein god pris. Omsetningstal for pakkeri og foredlings-verksemdar viser at aktiviteten er stor, og dersom ein slik spesialisert profilerings- og informasjonsaktivitet kan bidra til sjølv ein liten prosentvis auke i salet rundt om i Norge, vil den samla økonomiske effekten bli stor i heile Sogn og Fjordane.

Den viktigaste oppgåva er å klare å stoppa ein større del av den største trafikstraumen i regionen og inspirere desse til å kjøpe meir produkt og tenester frå Sogn og Fjordane både i den fysiske lokasjonen Håbakken og når dei kjem heim til Bergen eller Oslo eller andre stadar.

Planen for denne aktiviteten er utvikla etter inspirasjon frå andre matregionar i Norge og frå dei beste matregionane internasjonalt. To eksempel er vist nedanfor: Øvst frå Matfatet i sentrum av Brummunddal i Ringsaker i Hedmark, Norges største landbrukskommune, og nedst frå Martelldalen i Sør-Tirol i Italia, Europas største fruktregion.



## 5 Plan for ny felles infrastruktur

Lærdal Grønt har sidan 2014 arbeidd med å utvikle planar for nybygg på Håbakken i Lærdal. Håbakken er vegkrysset mellom E16 og Rv5, og Lærdal Grønt har opsjon på 18 daa tomt rett ved E16 på austsida av rundkøyringa i Håbakken.


Fylkesprosjektet har sett på dette som eit alternativ for også å bygga eit større felles pakkeri for større deler av fylket. Sognefrukt og Lærdal Grønt har inngått ein intensjonsavtale om samanslåing og bygging av ny felles infrastruktur i Håbakken. Innvik Fruktlager er også interessert i eit nært samarbeid, men har enno ikkje konkludert i høve fellesanlegg. Andre miljø i fylket vil også bli invitert til samarbeid. Målet er at alle skal bli sterkare gjennom samarbeid.



**Fig. 5.1:** Håbakken i vegkrysset E16/Rv5 er største vegsystemet på Indre Vestland. Dei andre store fellespakkeria for frukt, bær og grønt er også vist (Lier, Telemark, Ryfylke og Hardanger)(Kart: SVV)



**Fig. 5.2:** Ny felles infrastruktur i Håbakken teikna som eit vestlandsk klyngetun der bygningane til venstre i front er nærast E16 og vil vera profileringsstad for lokale produkt frå Sogn og Fjordane, og «driftsbygningen» i bakgrunnen er regionalt pakkeri. Totalt bygningsareal omlag 5.000 m<sup>2</sup>. (Teikning: Arkitektkontoret 4B.)



**Fig.5.3:** Skisse til etablering av pakke- og sorteringslinjer og kjølar i felles pakkeridel. Førebels sorterings- og pakkelinje for morelle, plome, eple, pære, potet og industribær.

Innhald i sorterings- og pakkeri blir no spesifisert i samarbeid mellom dei aktuelle samarbeidspartnerane.

## 6 Kostnadskalkyler og finansieringsplan for felles infrastruktur

Kostnadskalkylene bygger på estimat frå innleigde konsulentar frå byggebransjen og erfaringstal frå dei andre pakkeria i Norge der me har vore på besøk (Hardanger, Ryfylke, Telemark og Lier).

Kalkylene bygger vidare på forhandlingar om tomtepris med Lærdal kommune og ein kostnad for 18 daa tomt.

Det kan og vere nødvendig å ha noko utstyr/bygg distribuert andre stadar i fylket knytt til produsentmiljøa.

### Totalbudsjett felles infrastruktur

|                        |    |                   |
|------------------------|----|-------------------|
| Tomt 18 daa            | kr | 4 000 000         |
| Flyttekostnader        | kr | 1 000 000         |
| <u>Bygg med kjølar</u> | kr | <u>70 000 000</u> |
| Totalt                 | kr | 75 000 000        |

Finansieringa bygger på eigenkapital frå dei eksisterande pakkeria og eigenkapital henta inn frå produsentane, på banklån og på ulike tilskott/lån frå andre lokale/regionale samarbeidspartnar. Infrastrukturen blir organisert i eit felles eigeidomsselskap.

Delfinansiering blir søkt lokalt og regionalt for risikoredusering, og regional/lokal delfinansiering vil ha ein avgjerande og utløysande effekt for planane. I tillegg til investeringane i pakkeria har kvar einskild gardsbruk gjennom mange år også hatt store investeringar for å bygge opp frukt- og bærproduksjonen på gardane. Offentlege delbidrag til ei finansieringspakke er såleis heilt naudsynt for eit slikt stort fellesløft og for å få utløyst satsinga. Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok på Fylkestinget 4. juni 2019 å løyve 15 mill kr til satsinga. Dermed er eit vesentleg element på plass.

### Finansieringsplan

|   |    |                   |
|---|----|-------------------|
| Aksjekapital Lærdal Grønt og Sognefrukt | kr | 7 000 000         |
| Lånebehov                               | kr | 30 000 000        |
| Gartnerhallen / andre nasjonale midlar  | kr | 9 000 000         |
| <br>                                    |    |                   |
| Aksjekapital Lærdal kommune             | kr | 2 500 000         |
| Andre kommunar i regionen               | kr | 4 000 000         |
| Tilskot IN (10%)                        | kr | 7 500 000         |
| <u>Sogn og Fj fylkeskommune</u>         | kr | <u>15 000 000</u> |
| Sum                                     | kr | 75 000 000        |

Landbruk og fellestiltak i landbruket er unntekte frå EØS-reglane om statsstøtte og bagatellmessig støtte. Landbruk er ikkje ein del av EØS-avtalen, og det er heller ikkje meldt inn i høve statstøtteregulverket for dei produksjonane som føregår her.

|            |          |               |
|------------|----------|---------------|
| Vår dato   | Revisjon | Vår referanse |
| 26.04.2019 |          | 14/00247-22   |

Utarbeida av  
Sogn og Fjordane Bondelag

Til:

Kopi


## **Styrking av grøntnæringa i fylket gjennom satsing på nytt pakkeri for frukt, bær og grønnsaker**

Sogn og Fjordane Bondelag er kjend med at det vert arbeidd med ei oppgradering og fornying av pakkeri for frukt, bær og grønnsaker i Sogn. Vegen frå produsent til forbrukar må vere kort for mange av sortane som vert produsert i denne næringa. Kravet til rask kjøling og rasjonell veg ut i marknaden er stor. Stort sett all produksjon er basert på avtaler med kjedane der det vert stilt strenge krav til kvalitet, tid og volum på leveransane. Dei siste åra er det også vorte utfordrande med omsyn til emballasje som kan endre seg frå eitt år til eitt anna.

Skal Sogn og Fjordane kunne utvikle seg vidare med større aukande volum innan grøntsektoren må teknologien på pakkeria fornyast og volum må aukast for å kunne halde tritt med krava til endringar frå marknaden.

Sogn og Fjordane Bondelag ser difor svært positivt på arbeidet med å få til eit moderne pakkerianlegg med stor kapasitet i Lærdal. Det vil vere viktig at eit nytt pakkeri kan vere ein motor som kan styrke og utvikle grøntnæringa i heile fylket. Difor er det viktig med eit tett samarbeid med næringa i Nordfjord og i resten av Sogn.

Skal ein lukkast med å få til eit nytt pakkeri trengst det frisk kapital både frå private aktørar og det offentlege. Det er eit håp frå vår side at det offentlege ser nytten i å medverke til ei investering som vil styrke ei svært framtidsretta næring. Marknaden for frukt, bær og grønnsaker er i sterk vekst og det er eit mål å auke den vesentleg dei komande ti åra. Skal Sogn og Fjordane kunne ta del i denne veksten må vi sikre oss at vi har eit pakkeri med storleik, teknologi og økonomiske musklar som er attraktiv for marknaden.



Anders Felde

Fylkesleiar i Sogn og Fjordane Bondelag



Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Fylkeshuset, Askedalen 2,  
6863 Leikanger

Oslo, 8. mai 2019

## **Ny infrastruktur og ny felles organisering av frukt- og bærneringa i Sogn og Fjordane**

Gartnerhallen viser til søknad fra Lærdal Grønt om støtte fra Sogn og Fjordane fylkeskommune til investering i nytt fellespakkeri for frukt og grønt i Lærdal.

Gartnerhallen er en samvirkebedrift for norske produsenter av grønnsaker, frukt bær og poteter. Gartnerhallen har om lag 1200 frukt- og grøntprodusenter over hele landet som eiere, og omsetter i overkant av 60% av all norskprodusert frukt og grønt. I Sogn og Fjordane fylke er langt de fleste frukt- og bærprodusentene medlemmer i Gartnerhallen. Gartnerhallens største kunde er BAMA, som distribuerer produktene til to av de tre dagligvareaktørene i Norge: NorgesGruppen og REMA. I tillegg har Gartnerhallen flere industrikunder, for eksempel er Gartnerhallen leverandør av bær til Lerums syltetøy- og saftproduksjon. Gartnerhallen omsatte i 2018 for rett i underkant av 2,5 milliarder norske kroner

Gartnerhallen ser svært positivt på den offensive satsingen som nå skjer i frukt- og grøntneringa i Sogn- og Fjordane. Norske forbrukere etterspør stadig mer frukt og grønt, og vi forventer vekst i etterspørselen framover. Det er viktig at den økte etterspørselen i størst mulig grad dekkes av norsk produksjon. Norsk frukt- og grøntnering er en markedsekspontert del av norsk landbruk, utsatt for sterk importkonkurranse. Derfor må både produksjonen på primærleddet, og pakkeri- og lagerstruktur, være mest mulig effektiv for å sikre at norske produkter er konkurransedyktige i markedet.

Frukt- og bærproduksjon hos mange, forholdsvis små produsenter forutsetter effektivt samarbeid om lagring, pakking og markedsføring for å lykkes. Et fellespakkeri i Lærdal, slik det er beskrevet i søknaden, er et positivt prosjekt for å sikre høyest mulig kvalitet, leveringsdyktighet og fleksibilitet tilpasset markedets behov. Som det er beskrevet i søknaden, vil prosjektet også gi mulighet til samarbeid på flere områder som produktutvikling, utvikling av ny teknologi, kompetansedeling, utvikling av produsentmiljø mm.

Gartnerhallen håper derfor at Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på prosjektet, og tildeler Lærdal Grønt det omsøkte beløp.

Med vennlig hilsen  
for Gartnerhallen SA

Elisabeth Morthen  
administrerende direktør





Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
v/Kristin Arnestad

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jon Anders Stavang, 5764 3076

## Fylkesmannen si tilråding til søknad om etablering av nytt fellespakkeri for frukt og grønt i Lærdal

2018 var eit rekordår for norsk frukt. Dei neste 5 åra er det venta auke i alle fruktslaga, og produksjonen av til dømes konsumeple er venta å stige med 50% (Fruktlagerinspektøren, 2019). For å selje all frukta i ein avgrensa sesong er det viktig med store volum tilgjengeleg av ulike segment og kvalitetar for å få god effekt av salskampanjar. Det får ein ikkje til med mange små pakkeri med avgrensa pakkekapasitet. Den pakkeristrukturen vi har i Noreg i dag er til hinder for effektiv omsetnad av dei fruktvoluma vi ventar oss dei neste 5 åra i følge BAMA og Gartnarhallen.

Lærdal Grønt har lenge jobba for å realisere eit nytt mottak og pakkeri for sine produsentar på Håbakken i Lærdal. Dette bygget vil vere eit viktig bidrag til å løfte Lærdals-produsentane ytterlegare. Men ei slik storsatsing bør sjåast i samanheng med dei strukturelle utfordringane som vi har i mottaksstrukturen i fylket. I desember 2018 løyvde difor Fylkesmannen i Sogn og Fjordane midlar til eit prosjekt for å vurdere ny pakkeristruktur av fruktmottaka i Sogn og Fjordane.

Med i prosjektet er dei to andre store mottaka i fylket, Innvik Fruktlager og Sognefrukt. Totalt representerer dei tre mottaka fleire hundre produsentar frå heile fylket. Alle mottaka står føre større investeringar framover grunna for liten lagerkapasitet og eller pakkerikapasitet. Dei er svært sårbare på bemanningssida med stor arbeidsbelastning og ansvar i sesongen. Fråfall av personell i den mest hektiske perioden kan føre til at store mengder frukt og bær ikkje vert pakka og må kasserast. Prosjektet har som mål å greie ut minst tre ulike alternativ og kome med ei anbefaling for ny pakkeristruktur der nullalternativet er å halde fram som i dag, eitt alternativ der ein opprettheld dagens mottak og lagar felles organisasjon, og eit der ein bygger nytt mottak i Lærdal og slår alle mottaka saman til ein felles organisasjon. Prosjektet har hatt god framdrift og i løpet av prosjektet er det inngått ein intensjonsavtale om samanslåing mellom Sognefrukt og Lærdal Grønt. Innvik Fruktlager støttar intensjonsavtalen, men vil sjå endeleg konklusjon frå arbeidsgruppa før dei vil ta stilling til å underteikne intensjonsavtalen om samanslåing.

I Hardanger har vi tre pakkeri der Hardanger fjordfrukt er det klart største. Pakkeria her er informerte om strukturprosessen i Sogn og Fjordane og har ingen innvendingar mot denne. Med etableringa av det nye storfylket Vestland kan ein sjå føre seg klare potensielle synergjar mellom desse to viktige regionane gjennom strategisk og praktisk samarbeid. Arbeidet med å utvikle dette





samarbeidet er kome godt i gong gjennom at programstyret for grøn verdiskaping i Sogn og Fjordane har invitert leiarane for dei to største mottaka i Hardanger til å vere medlemmer i eit nytt programstyre for Vestland.

Under jordbruksforhandlingane i 2019 er det lagt fram krav om ei satsing på frukt og grønt-sektoren i Noreg. Det er fare for at det meste av denne veksten kan kome på Austlandet. Men verdiskapinga per arealeining er høg, særleg innan hagebruket. Det gjer at relativt små bruk på Vestlandet kan gje heiltidsjobb. I vår del av landet er det viktig med ei koordinert satsing på hagebruket for å oppretthalde våre høge produksjonsandelar. Såleis kan ein sjå etableringa av kompetansesenteret Norsk frukt- og bærcenter i Leikanger i samanheng med søknaden frå Lærdal Grønt om midlar til å etablere eit felles pakkeri for frukt i fylket. Klarar ein å realisere begge desse vil ein ha alle forutsetningar for å halde fram med den positive auken i verdiskaping som hagebruket i Sogn og Fjordane har stått for etter tusenårsskiftet. I verdiskaping har Sogn og fjordane klatra til topps blant fylka i landet når det gjeld frukt og bær.

Lærdal Grønt er framheva som eit flaggskip i norsk hagebruk. Deira innovasjonsevne, vekst i omsetnad og merkevarebygging har fått nasjonal merksemd. Sist ved å vinne finalen i det norske måltid med produktet Lærdals beste (frosne bringebær). Lokaliseringa av eit nytt fellespakkeri er planlagt ved E16, hovudfartsåra mellom Bergen og Oslo. Dette er hovudmarknadane for norsk frukt og bær og den einaste aktuelle staden å etablere eit fellespakkeri for heile fylket. Ved ei slik lokalisering er det også enklare å samarbeide med pakkeria i Hardanger om pakking og leveransar til marknaden dersom kapasitetsproblem skulle oppstå på grunn av intensiv hausting av frukt. Lokaliseringa kan også opne for at eit slikt fellesmottak kan fungere som eit omlastingspunkt for lokalmat og andre varer som skal distribuerast i eller ut av fylket.

Dei store matvarekjedene har så langt ikkje vore villige til å sleppe til lokalprodusert frukt under egne merker. Det er berre Lærdal Grønt som har klart dette i eit visst omfang, men motstanden hjå grossistledet og kjedene er stor. Med større volum og høgare andel av produksjonen trur Lærdal Grønt at dei kan lukkast betre enn dei har gjort til no med å skape felles merkevare for heile fylket. Då kan ein også realisere eit godt samarbeid med reiselivet om å reklamere for regionen vår.

Fylkesmannen meiner på bakgrunn av ei totalvurdering at eit nytt fellespakkeri hjå Lærdal Grønt på Håbakken er eit framtidsretta tiltak som kan auke verdiskapinga, og styrke den nasjonale posisjonen til hagebruket i Sogn og Fjordane og i det komande storfylket Vestland. Eit slikt tiltak vil og styrke samarbeidet mellom produsentane i fylket, gje større tyngde i forhandlingar med kundar og bidra til større innovasjonskraft i næringa. Mottaka er Vi tilrå difor at Fylkeskommunen går inn for å støtte denne etablering med dei atterhald som de vurderer nødvendige å sette med omsyn til økonomi, organisering og realisering. Truleg vil økonomisk støtte frå Fylkeskommunen vere heilt avgjerande for realiseringa av eit felles pakkeri i Sogn og Fjordane. Ei støtte til eit fellespakkeri vil styrke næringslivet i regionen og bidra til å skape varige verdiar for framtida.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær (e.f)  
ass landbruksdirektør

Jon Anders Stavang  
fylkesgartnar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## SOGN JORD OG HAGEBRUKSSKULE

Skulevegen 24 - 5745 Aurland, NORWAY

[www.sjh.no](http://www.sjh.no)

### INTENSJON OM SAMARBEID

Basert på møte som leiinga ved Lærdal Grønt og SJH har hatt (14.02.2018 og 25.05.2019) har det peika seg ut viktige område for samarbeid, både når det gjeld distribusjon/sal, undervising og fagleg utviklingsarbeid:

SJH arbeidar i 2019 med å utvikle ein verdibasert salsstrategi for både frukt og bær, grønsaker og ost. Å knyte an til lokale og regionale produsenteigde og sjølvforvaltande distribusjons- og salsnettverk ligg som eit sentralt verdipremiss i denne strategien. Intensjonen Lærdal Grønt no har om å utvikle eit slikt utvida salsnettverk, er av fleire grunnar interessant å knyte an til. Slik ståa er i dag, leverer SJH allreie eple til Sognefrukt, som er aktuell samarbeidspartnar. SJH vil som andre lokalbaserte matprodusentar kunne ha nytte av eit slikt salsystem for sine produkt.

Også når det gjeld undervisinga innafor næringsdrift- og økonomifaget, vil det for SJH være viktig å ha eit samarbeid med ein slik bedrift som synleggjer for framtidige bønder korleis ein kan utvikle lokale matvaresystem i praksis – ikkje berre på produksjonssida, men langs heile verdikjeda frå produsent til konsument. Det vil også innafor valfaget 'Ungt entreprenørskap' vere interessant for nye ungdomsbedrifter ved SJH å ha eit samarbeid med ein slik bedrift.

Miljø- og samfunnsperspektivet må i framtida konkret inn i økonomifaget, så det blir klart for dei som jobbar langs ei verdikjede at dei er avhengige av kvarandre, og gjer val for den samla verdiskapinga. Framtidas bønder og forbrukarar treng *strukturar som gjer at dei kan spele på lag* til fordel for desse verdiane. Dei nye strukturane som Lærdal Grønt inviterer til å utvikle kring eit større, regionalt og produsenteigd distribusjonssystem er døme på ein slik struktur – som vil være forbrukarar, produsentar og lokalsamfunn til gode.

Aksel Hugo

Rektor, Sogn Jord- og Hagebruksskule